

Innkalling av Fellesnemnd

Møtedato: 05.02.2018
Møtestad: Meland rådhus
Møtetid: 13:00 - 18:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 474 64 145, sms til 474 64 145 eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Orientering 13:00 – 13:45: Pendlarstatistikk

Seminardel:

- Lokaldemokrati

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------------|---|
| 011/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 012/18 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 013/18 | Endring av reglement – godtgjersle i møter i utval oppretta av fellesnemnda |
| 014/18 | Melding/orientering til fellesnemnda 05.02.2018 |

29. januar 2018

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

LOKALDEMOKRATI

1. Orientering om regjeringas lokaldemokratiprojekt - «Framtidas kommunar – tillit og samspel i levande lokaldemokrati».
2. Orientering om lokaldemokratiundersøkinga.
3. Eit meir robust demokrati? Kommunereforma og lokaldemokratiet.
4. Forventningar til lokaldemokratiet i Alver kommune – innleiingar ved partia
5. Lokalavisenes rolle i lokaldemokratiet – redaktørar NH/Strilen
6. Innbyggjarmedverknad i kommunale planprosessar – eksempel frå arbeidet med samfunnsdel i Lindås.

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------|------|------------|
| 011/18 | Fellesnemnd | PS | 05.02.2018 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------------------|------------|
| Tove Mette Arnø Fyllingen | 18/216 |

Godkjenning av innkalling og saksliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------|------|------------|
| 012/18 | Fellesnemnd | PS | 05.02.2018 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------------------|------------|
| Tove Mette Arnø Fyllingen | 18/216 |

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Fellesnemnd - 15.01.2018

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

Møteprotokoll for Fellesnemnd

Møtedato: 15.01.2018
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12:00 - 17:00

Seminardel: «Risikopunkt som må handterast» starter etter sakene er handsama.

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|--------------------------|------------|------------|
| Jon Askeland | Radøy SP | Medlem |
| Jostein Borlaug | Radøy AP | Medlem |
| Kenneth Murberg | Radøy H | Medlem |
| Kirsti Gjetle Floen | Radøy AP | Medlem |
| May Britt Vågenes Gjerde | Radøy SP | Medlem |
| Øyvind Oddekalv | Meland AP | Utvalseiar |
| Øyvind Bratshaug | Meland FRP | Medlem |
| Sølvi Knudsen | Meland SP | Medlem |
| Anne Grete Eide | Meland AP | Medlem |
| Marit Samnøy Jøssang | Meland KRF | Medlem |
| Astrid Aarhus Byrknes | Lindås KRF | Nestleiar |
| Leif Hosøy Sleire | Lindås KRF | Medlem |
| Nina Bognøy | Lindås AP | Medlem |
| Bjarte Vatnøy | Lindås FRP | Medlem |
| Nina Stabell Øvreås | Lindås FRP | Medlem |
| Karl Vågstøl | Lindås H | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle |
|---------------------------|------------|--------|
| Nils Marton Aadland | Meland H | Medlem |
| Asle Hetlebakke | Lindås KRF | Medlem |
| Ståle Juvik Hauge | Lindås AP | Medlem |
| Anna K.Valle | Lindås SP | Medlem |
| Sveinung Toft | Lindås V | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Erstatter medlem |
|--------------------------|------------|-------------------|
| Odd Leif Mjøs | Lindås KRF | Asle Hetlebakke |
| Hogne Brunborg | Lindås AP | Ståle Juvik Hauge |
| Jarle Vassdal | Lindås SP | Anna K.Valle |

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Jarle Landås-rådmann Radøy, Martin W Kullid-rådmann Meland, Tove Mette Arnø Fyllingen-

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------|---|
| 001/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 002/18 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 003/18 | Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda – Oppdatering med valnemnd |
| 004/18 | Politisk hovudprosjekt: Identitet, symbol og felles kultur.- val prosjektgruppe |
| 005/18 | Fråsegn til Fylkesmannen - økonomiplanar |
| 006/18 | Sambandet Vest - godkjenning av bruk av midlar |
| 007/18 | Reglement - arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmar av fellesnemnda |
| 008/18 | Søknad frå kyrkjeleg fellesnemnd |
| 009/18 | Kulturkomité |
| 010/18 | Melding/orientering til fellesnemnda 15.01.2018 |

001/18: Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

15.01.2018 Fellesnemnd

Ingen merknader, samrøystes.

FN - 001/18 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/18: Godkjenning av møteprotokoll

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

15.01.2018 Fellesnemnd

Ingen merknader, samrøystes.

FN - 002/18 VEDTAK:

Møteprotokollen er godkjent

**003/18: Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda –
Oppdatering med valnemnd**

Framlegg til vedtak

Forslag til reglement for valnemnda vert teke inn som kapittel 1.16 i «Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda». Eksisterande kapittel 1.16 vert nytt kapittel 1.17.

15.01.2018 Fellesnemnd

Framlegg frå M. Jøssang-Meland Krf

Som framlegg med endring av kulepunkt 4

Det skal førast møteprotokoll frå møta.

Programkontoret stiller sekretær til disposisjon.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FN - 003/18 VEDTAK:

Framlegg til reglement for valnemnda, med endring av kulepunkt 4, vert teke inn som kapittel 1.16 i «Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda». Eksisterande kapittel 1.16 vert nytt kapittel 1.17.

004/18: Politisk hovudprosjekt: Identitet, symbol og felles kultur.- val prosjektgruppe

Innstilling frå valnemnda:

Medlemmer til prosjektgruppa identitet, symbol og felles kultur er:

Leiar: Nils Marton Aadland, Meland

Nestleiar: Nina Stabell Øvreås, Lindås

Medlemer:

Kirsti Gjetle Floen, Radøy

Asle Hetlebakke, Lindås

Sølvi Knudsen, Meland

15.01.2018 Fellesnemnd

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

FN - 004/18 VEDTAK:

Medlemmer til prosjektgruppa identitet, symbol og felles kultur er:

Leiar: Nils Marton Aadland, Meland

Nestleiar: Nina Stabell Øvreås, Lindås

Medlemer:

Kirsti Gjetle Floen, Radøy

Asle Hetlebakke, Lindås

Sølvi Knudsen, Meland

005/18: Fråsegn til Fylkesmannen - økonomiplanar

Framlegg til vedtak:

- Fellesnemnda meiner at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen
- Fellesnemnda meiner at de vedtekne investeringane fram til 2020 er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane bruker felles og like føresetnader for økonomiplanarbeidet for 2019-2022. Dette gjeld mellom anna folketalsvekst, renteutvikling og eigedomsskatt frå 2020.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane i størst mogleg grad koordinera arbeidet med økonomiplanane med omsyn på:
 - Investeringar og behov i Alver kommune
 - Gebyr- og betalingssatsar
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane avgrensar bruken av uspesifiserte innsparingar.

15.01.2018 Fellesnemnd

Feil i tabell 1 vert retta i saksutgreiinga (Investeringsbudsjett/risiko renteauke - Radøy kommune)
Framlegget vart samrøystes vedteke.

FN - 005/18 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

- Fellesnemnda meiner at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen
- Fellesnemnda meiner at de vedtekne investeringane fram til 2020 er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane bruker felles og like føresetnader for økonomiplanarbeidet for 2019-2022. Dette gjeld mellom anna folketalsvekst, renteutvikling og eigedomsskatt frå 2020.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane i størst mogleg grad koordinera arbeidet med økonomiplanane med omsyn på:
 - Investeringar og behov i Alver kommune
 - Gebyr- og betalingssatsar
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane avgrensar bruken av uspesifiserte innsparingar.

006/18: Sambandet Vest - godkjenning av bruk av midlar

Framlegg til vedtak

Fellesnemnda godkjenner at Sambandet Vest AS får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman.

Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune.

Askøy kommune sin del av utgiftene, inntil kr 300 000, blir forskottert av midlane tildelt Sambandet Vest AS, mot at Askøy kommune stiller ein kommunal garanti på beløpet.

15.01.2018 FELLESNEMND

Det vart stilt spørsmål ved Kenneth Taule Murberg sin habilitet som styremedlem i Sambandet Vest, Fellesnemnda gjorde vedtak, mot 2 røyster (B.Vatnøy Lindås Frp og Ø.Bratshaug-Meland Frp) om at han er inhabil i denne saka.

Nina Bognøy er vara som utsending på eigarmøte, fellesnemnda gjorde samrøystes vedtak om at ho er habil i denne saka.

Jon Askeland er vara til styret, fellesnemnda gjorde vedtak, mot 3 røyster (B.Vatnøy Lindås Frp, N.Øvreås-Lindås Frp og Ø.Bratshaug-Meland Frp) om at han er ugild i denne saka.

Framlegg frå Ø.Bratshaug-Meland Frp:

Tillegg:

Fellesnemnda anser midlane som som prosjektmidlar og skal ikkje nyttast til administrasjon av selskapet.

Framlegg i møtet om endring:

Fellesnemnda godkjenner at Sambandet Vest AS får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman.

Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune.

Askøy kommune sin del av utgiftene, 15% blir forskottert av midlane tildelt Sambandet Vest AS, mot at Askøy kommune stiller ein kommunal garanti på beløpet.

Endringsframlegg med tillegg, vart samrøystes vedteke.

FN - 006/18 VEDTAK:

Fellesnemnda godkjenner at Sambandet Vest AS får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman.

Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune.

Askøy kommune sin del av utgiftene, 15% blir forskottert av midlane tildelt Sambandet Vest AS, mot at Askøy kommune stiller ein kommunal garanti på beløpet.

Fellesnemnda anser midlane som som prosjektmidlar og skal ikkje nyttast til administrasjon av selskapet.

007/18: Reglement - arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmar av fellesnemnda

Framlegg til vedtak

Reglement – arbeidskår og godtgjersle for medlemmar av fellesnemnda - vert vedteke slik det ligg føre som kapittel 3 i «Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune» vedteke i fellesnemnda 4. desember 2018.

15.01.2018 Fellesnemnd

Godtgjersle underutval og partistøtte vert å koma tilbake til i neste møte.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FN - 007/18 VEDTAK:

Reglement – arbeidskår og godtgjersle for medlemmar av fellesnemnda - vert vedteke slik det ligg føre som kapittel 3 i «Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune» vedteke i fellesnemnda 4. desember 2018.

008/18: Søknad frå kyrkjeleg fellesnemnd**Framlegg til vedtak**

Kyrkjeleg fellesnemnd for kommunane Radøy, Meland og Lindås får tildelt omstillingsmidlar med kr 1.200.000,- for perioden juni 2017 – desember 2019. Beløpet vert utbetalt med like delar i 2018 og 2019.

Budsjettet for fellesnemnda vert justert i trå med dette vedtaket.

15.01.2018 Fellesnemnd

Framlegget frå programansvarleg vart vedteke mot 2 røyster

Framlegg frå B.Vatnøy-Lindås Frp:

Som framlegget med endring av sum omstillingsmidlar til kr. 2.235.000,-

Framlegget fekk 2 røyster og fall.

Framlegg frå J.Askeland-Radøy Sp:

Tillegg til framlegget:

Fellesnemnda ber programansvarleg om å gjere ein ny vurdering av denne posten til møtet i fellesnemnda i juni. Fellesnemnda ber programansvarleg om å ha ein dialog om saka med kyrkjeleg fellesnemnd.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FN - 008/18 VEDTAK:

Kyrkjeleg fellesnemnd for kommunane Radøy, Meland og Lindås får tildelt omstillingsmidlar med kr 1.200.000,- for perioden juni 2017 – desember 2019. Beløpet vert utbetalt med like delar i 2018 og 2019.

Budsjettet for fellesnemnda vert justert i trå med dette vedtaket.

Fellesnemnda ber programansvarleg om å gjere ein ny vurdering av denne posten til møtet i fellesnemnda i juni. Fellesnemnda ber programansvarleg om å ha ein dialog om saka med kyrkjeleg fellesnemnd.

009/18: Kulturkomité**Framlegg til vedtak**

- Fellesnemnda set ned ein kulturkomité beståande av ordførarar og kulturmedarbeidarar i Radøy, Meland og Lindås samt informasjonskonsulent i Lindås kommune.
- Komiteen skal arbeide innanfor rammene gitt i mandat for «Identitet, symbol og felles kultur» og «Kommunikasjon».
- Komiteen arbeidar i første omgang fram til kommunikasjonsstrategien er vedteken. Ut i frå konklusjonane i kommunikasjonsstrategien kan komiteen sin virketid bli forlenga.
- Komiteen rapporterer til fellesnemnda om planlagde og gjennomførte tiltak.

- Komiteen sitt arbeid vert ikkje organisert som eit prosjekt.
- Fellesnemnda ber kulturkomiteen om å legge fram ein sak om korpsenes år i samarbeid med programleiinga til neste møte i fellesnemnda. Saka skal sjå på korleis dei tre kommunane kan samarbeide om korpsenes år for å støtte opp om arbeidet med å bygge Alver kommune.

15.01.2018 Fellesnemnd

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FN - 009/18 VEDTAK:

- Fellesnemnda set ned ein kulturkomité beståande av ordførarar og kulturmedarbeidarar i Radøy, Meland og Lindås samt informasjonskonsulent i Lindås kommune.
- Komiteen skal arbeide innanfor rammene gitt i mandat for «Identitet, symbol og felles kultur» og «Kommunikasjon».
- Komiteen arbeidar i første omgang fram til kommunikasjonsstrategien er vedteken. Ut i frå konklusjonane i kommunikasjonsstrategien kan komiteen sin virketid bli forlenga.
- Komiteen rapporterer til fellesnemnda om planlagde og gjennomførte tiltak.
- Komiteen sitt arbeid vert ikkje organisert som eit prosjekt.
- Fellesnemnda ber kulturkomiteen om å legge fram ein sak om korpsenes år i samarbeid med programleiinga til neste møte i fellesnemnda. Saka skal sjå på korleis dei tre kommunane kan samarbeide om korpsenes år for å støtte opp om arbeidet med å bygge Alver kommune.

010/18: Melding/orientering til fellesnemnda 15.01.2018

Framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering

15.01.2018 Fellesnemnd

Pågåande prosjekt – status

- Leiargruppe – Alver kommune ved programansvarleg
- IKT – digitalisering ved programansvarleg
- Program og prosjektstyring – elektroniske verktøy ved programansvarleg
- Barnevern ved ass.programansvarleg Jarle Landås
- Programkontor ved programansvarleg
- Kvalitetssystem Alver kommune ved programansvarleg
- Felles landbrukskontor ved programansvarleg
- Næringsutvikling ved Øyvind Bratshaug

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FN - 010/18 VEDTAK:

Meldinga vert teke til orientering

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------|------|------------|
| 013/18 | Fellesnemnd | PS | 05.02.2018 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------------|------------|
| Ørjan Raknes Forthun | 17/1868 |

Endring av reglement – godtgjersle i møter i utval oppretta av fellesnemnda

Vedlegg:

Reglement for fellesnemnd Alver kommune etter endring 15.01.2018

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Fellesnemnda vedtek ny ordlyd i kap 3.2 i «Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune»:

Medlemmar av fellesnemnda har rett til godtgjersle for møta i nemnda og i utval oppretta av nemnda med kr 1000,- pr. møte.

Ordførarar og varaordførarar som ikkje har krav på godtgjersle for verv i kommunale organ i eigen kommune har heller ikkje krav på godtgjersle i fellesnemnda.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Fellesnemnda gjorde i sak 07/18 i møte 15. januar 2018 vedtak om «Reglement – arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmer av fellesnemnda». Dette vart teke inn som kapittel 3 i «Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune». Formuleringa i kap 3.2 tek berre omsyn til møter i sjølve fellesnemnda. Det er behov for regulering av godtgjering også i utval oppretta av fellesnemnda.

Saksutgreiing

For å dekke behovet for regulering av møtegodtgjersle i utval oppretta av fellesnemne kan følgjande tillegg leggst inn i første setning i kap. 3.2: «...og i utval oppretta av nemnda...». Første setning lyder då: «Medlemmar av fellesnemnda har rett til godtgjersle for møta i nemnda og i utval oppretta av nemnda med kr 1000,- pr. møte.»

Vurdering

Forslag til endra formulering dekker behov for regulering av godtgjering også i utval oppretta av fellesnemnda.

Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune

Innhold

| | | |
|------|--|---|
| 1. | Fellesnemnd | 2 |
| 1.1 | Samansetjing | 2 |
| 1.2 | Oppgåver og mynde | 2 |
| 1.3 | Saksførebuing for fellesnemnda..... | 3 |
| 1.4 | Innkalling | 3 |
| 1.5 | Møteplikt, forfall og varamedlemmer..... | 3 |
| 1.6 | Deltaking i møte av andre enn valde medlemmer..... | 3 |
| 1.7 | Møteleiar | 3 |
| 1.8 | Opne eller stengde møte. Teieplikt..... | 3 |
| 1.9 | Ugildskap | 4 |
| 1.10 | Gjennomføring av møtet..... | 4 |
| 1.11 | Ordsifte | 4 |
| 1.12 | Framlegg..... | 5 |
| 1.13 | Prøverøysting | 5 |
| 1.14 | Røysting..... | 5 |
| 1.15 | Møtebok..... | 6 |
| 1.16 | Valnemnda | 6 |
| 1.17 | Andre utval | 6 |
| 2 | Partsamansatt utval | 6 |
| 2.1 | Heimel og samansetting..... | 6 |
| 2.2 | Arbeidsområde..... | 7 |
| 2.3 | Innstilling/tilråding | 7 |
| 3 | Reglement – arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmar av fellesnemnda | 7 |
| 3.1 | Føremål..... | 7 |
| 3.2 | Møtegodtgjersle | 7 |
| 3.3 | Vederlag for tapt arbeidsinntekt..... | 7 |
| 3.4 | Telefonutgifter..... | 8 |
| 3.5 | Køyregodtgjersle | 8 |
| 3.6 | Godtgjersle til leiar og nestleiar | 8 |

1. Fellesnemnd

1.1 Samansetjing

Fellesnemnd for Alver kommune har 21 representantar fordelt på Radøy (5), Meland (6) og Lindås (10).

1.2 Oppgåver og mynde

Fellesnemndas oppgåver og mynde følgjer av inndelingslova og mandat som er vedteken av kommunestyra i Lindås, Meland og Radøy:

Oppgåver etter inndelingslova:

- *Fellesnemnda skal førebu arbeidet med kommunesamanslåinga, og sikre naudsynt samordning mellom dei tre kommunane fram til konstituerande møte er halde for nyvalt kommunestyre hausten 2019.*
- *Fellesnemnda skal gjennomgå og vurdere alle prinsipielle forhold ved samanslåingsprosessen.*
- *Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplan og budsjett for første driftsår. (jf. Inndelingslova § 26 tredje ledd, første punktum), herunder framlegg til satsar for gebyr, avgifter og eigenbetaling. Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av juni 2019. (Formannskapet har ansvaret for å fremje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret (2019) (jf. Pkt. 5.3.2 i Rundskriv H-10/15 om inndelingslova)).*
- *Fellesnemnda skal gje fråsegn til departementet (fylkesmannen) om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane som er nemnde i kapittel 1 i dette reglementet (jf. Inndelingslova § 26 tredje ledd, andre punktum).*

Fellesnemnda, skal med dei føringane som ligg i intensjonsavtalen for Alver kommune:

- *Planlegge og gjennomføre informasjonsarbeid og involvering av innbyggjarane under etableringa av Alver kommunene.*
- *Ta hand om det førebuande arbeidet med planprogram for planstrategi for Alver kommune.*
- *Utarbeide eit samla reglement for den folkevalde styringsstrukturen. Reglementet skal vere grunnlaget for det nye kommunestyret sine val til dei aktuelle organa hausten 2019, jf. Pkt. 6.3. i intensjonsavtalen.*
- *Fellesnemnda skal orienterast undervegs av programansvarleg om arbeidet med modellen for den administrative styringsstrukturen.*
- *Utarbeide framlegg til reglement med delegert mynde frå kommunestyret til andre folkevalde organ, og til rådmannen. (Vert vedteke av Alver kommune, desember 2019)*
- *Vurdere eigarskap og kva for interkommunalt samarbeid som vert ført vidare som no, eller eventuelt i endra form, og om det er nye tenester og oppgåver som bør bli utført ved interkommunalt samarbeid. Styrande for vurderinga skal mellom anna vera styrking av lokaldemokratiet.*
- *Utarbeide overordna planverk for å ivareta samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune.*

Fellesnemnda får fullmakt til å:

- gjere vedtak i alle saker som er naudsynte for å etablere den nye kommunen
- tilsetje rådmann og plassere inn dei eksisterande rådmenn i Alver kommune. Rådmannen vert programansvarleg for kommunesamanslåingsprosessen. Ordførarane og koordinerande tillitsvalt er tilsettingsutval.
- tilsetje personell i den nye kommunen, i tråd med omstillingsavtalen.
- gjere vedtak om godtgjersle og reglement for politisk arbeid i Alver kommune.
- gjere vedtak om val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jfr. Inndelingslova § 26 femte ledd, første punktum.
- inngå naudsynte avtalar om leige av kontorlokale, innkjøp av utstyr, og andre avtalar for å etablere den nye kommunen.
- Utarbeide arbeidsgjevarpolitikk og andre personalpolitiske reglement og planar for den nye kommunen i tråd med hovudavtalen, omstillingsavtalen og arbeidsmiljølova.
- inngå omstillingsavtale.
- delegerer mynde vidare til rådmann/programansvarleg .

1.3 Saksførebuing for fellesnemnda

Ordførarane utgjer fellesnemnda sitt saksførebuinge utval. Rådmennene deltek i møtene. Leiar i fellesnemnda, programansvarleg og fleirtalet i politiske utval har innstillingsrett til fellesnemnda.

1.4 Innkalling

Fellesnemnda har møte etter vedteken møteplan eller når leiar av fellesnemnda bestemmer dette. Leiar av fellesnemnda kallar fellesnemnda saman til møte.

1.5 Møteplikt, forfall og varamedlemmer

Den som er vald som medlem av fellesnemna pliktar å delta i fellesnemnda sine møte, med mindre vedkomande har gyldig forfall. Gyldig forfall ligg føre dersom sjukdom eller andre hindringar gjer det umogleg eller urimelig byrdefullt å møte. Dersom eit medlem ikkje kan møte skal det snarast meldast til politisk sekretariat som kallar inn varamedlem på vegne av leiar i fellesnemnda.

1.6 Deltaking i møte av andre enn valde medlemmer

Programansvarleg og rådmennene deltek i møtene og har talerett. Politisk sekretær deltek og førar protokoll.

1.7 Møteleiar

Leiar av fellesnemnda er møteleiar. Har vedkomande forfall, leiar nestleiar møta. Har baa forfall, vert møteleiar vald ved fleirtalsval, jf kommuneloven § 32 nr. 4.

1.8 Opne eller stengde møte. Teieplikt

Møta i fellesnemnda skal til vanleg vere opne. I einskild saker kan fellesnemnda gjera vedtak om stengde dører etter § 31 i kommunelova. Dersom andre er til stades i møtet, bør møteleiar minna dei om teieplikta. Personalsaker skal alltid handsamast for stengde dører. Forvaltningslova sine reglar om teieplikt gjeld folkevalde. Om ei sak vert handsama for stengde dører etter kommunelova § 31, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov.

Fellesnemnda skal vedta å lukke møtet når det føreligg lovbestemt teieplikt eller dersom det er ein sak som er relatert til ein arbeidstakers tenestlege forhold, jf. Kommunelova § 31. Fellesnemnda kan vedta å lukke møtet når det det føreligg forhold knytt til personvern eller tungtvegande offentlege interesser og det vil koma fram opplysningar som vil kunne bli unnateke offentleg innsyn etter offentleglova, jf. Kommunelova § 31. Drøftingar om dette vert haldne for stengde dører om møteleiaren krev det eller forsamlinga vedtek det. Tilhøyrarar, representantar for media og andre som ikkje skal ta del i forhandlingane, må forlata salen straks møtet vert lukka.

1.9 Ugildskap

Forvaltningslova kap 2 og særreglane i kommunelova § 40 nr. 3 om ugildskap gjeld for møta i fellesnemnda. Er nokon ugild eller er det tvil om ugildskap etter desse reglane skal representanten i så god tid som mogleg gi beskjed til politisk sekretariat eller møteleiar.

1.10 Gjennomføring av møtet

Møteleiar startar møtet med namneoppnop. Innvendingar i samband med innkallinga, sakliste og frammøte skal tas opp og drøftast i innleiinga av møtet. Ingen skal forlate møtet utan å gje melding til møteleiar om dette.

Fellesnemnda er vedtaksfør dersom minst halvparten av representantane er til stades under forhandlingane og avrøystinga av den einskilde saka.

Sakene skal handsamast i den rekkefølge som følgjer av innkallinga dersom ikkje anna blir bestemt av fellesnemnda. Fellesnemnda kan med alminneleg fleirtal vedta å utsetje realitetsbehandinga av ei sak på den utsendte saklista. Det kan også gjere vedtak i ei sak som ikkje står på saklista, om ikkje møteleiar eller 1/3 av møtande representantar set seg imot dette, jf. Kommunelova § 34, nr. 1

1.11 Ordskifte

Representantane skal halde innlegga sine frå talarstolen. Innlegga skal rettast til møteleiar, ikkje til møtelyden, og innlegga vert opna med tiltaleforma «leiar». Møteleiaren skal sjå til at representantane held seg nøye til den saka ordskiftet gjeld.

I utgangspunktet er taletid begrensa til 3 minutt. Møteleiar kan utvide taletida undervegs i møtet. Fellesnemnda kan med vanleg fleirtal vedta utviding eller avgrensing i taletida.

Møteleiaren les opp den sakstittelen som er nytta i innkallinga. Deretter refereres det framlegget som har fleirtal i innstillande organ.

Er det kome inn saksopplysningar eller dokument etter at innstillinga vart lagt fram, skal møteleiaren opplyse om dette.

Møteleiaren spør så om nokon vil ha ordet til saka, og representantane får ordet i den rekkjefølgja dei ber om det. Ber fleire om ordet samstundes, avgjer møteleiaren rekkjefølgja.

Etter kvart innlegg er det høve til to replikkar på inntil eitt minutt. Den eller dei som ber om replikk, får ordet før møteleiaren held fram på den ordinære talarlista. Replikkar skal vere direkte retta til

føregående innlegg. Etter replikkrunderen får den som hadde innlegget, høve til ein sluttreplikk på inntil eitt minutt.

Møteleiaren kan under debatten med få ord gi konkrete klargjerande saksopplysningar eller rette opplagde mistydingar. Vil møteleiaren vere med i ordskiftet, må han/ho melde seg på talarlista på vanleg måte.

Finn møteleiaren at ei sak er ferdigdrøfta, gjer han/ho framlegg om at det vert sett sluttstrek for ordskiftet og at saka skal takast opp til avrøysting. Dei som står att på talarlista, skal få høve til å avslutte. Dersom det vert lagt fram nye framlegg til vedtak i saka, skal møteleiar gi høve til ordskifte om dei nye framlegga.

Møtane skal gjennomførast i henhold til god møteskikk. Det må frå talarstolen ikkje seiast noko som krenkjer representantar eller andre personar. Møteleiaren skal påtale brot og kan stogge ein talar som bryt reglane for god møteskikk. Ved avrøysting kan møtelyden avgjere om han/ho skal stengjast ute frå delar av eller resten av møtet.

1.12 Framlegg

Framlegg kan berre gjerast av dei som er med i fellesnemnda som valde medlemmer eller innkalla varamedlemmer, og av programansvarleg eller rådmann eller denne sin representant, om ikkje regel i lov seier noko anna. Framlegg skal, etter at det er reist frå talarstolen, leverast skriftleg og underskrive til møteleiaren. I saker som gjeld enkeltvedtak skal det skriftlege framlegget innehalda grunngjeving av framlegget, med mindre det er gjort unntak i forvaltningslova, forskrift til lova eller i særlov.

Når det gjeld utsetjingsframlegg, skal det setjast under eigen debatt og røystast over før ein eventuelt går vidare med handsaminga. Innlegg som gjeld saka sin realitet skal avbrytast av møteleiar i denne fase, jf. KommuneLOVA § 34-1 om utsetjing.

Framlegg kan likevel setjast fram munnleg dersom det gjeld namn i val- eller tilsetjingssak, utsetjing av sak som er oppe til førehaving, oversending av sak til anna kommunalt organ eller går ut på at framlegg skal vrakast.

1.13 Prøverøysting

Før endeleg røysting i ei sak kan forsamlinga halda prøverøystingar som ikkje er bindande.

Er tilrådinga eller framlegget som det skal røystast over delt i fleire punkt eller paragrafar, bør det til vanleg røystast førebels over kvart punkt eller kvar paragraf, og så, eventuelt etter ny prøverøysting, over heile tilrådinga eller framlegget under eitt.

1.14 Røysting

Vedtak vert gjort med minst halvparten av dei røyster som vert gjevne (vanleg fleirtal). Står røystinga likt, og saka ikkje gjeld val, er møteleiaren si røyst avgjerande. Gjeld saka val, og røystetalet står likt, skal saka avgjerast ved loddtrekking. Gjeld saka val eller tilsetjing, og ingen av kandidatane får meir enn halvparten av dei røystene som er gjevne, skal det haldast ny røysting. Den som då får flest røyster er vald eller tilsett, dersom ikkje valet strir mot reglane om kjønnskvotering. Ved val og tilsetjing kan kvar einskild medlem krevja skriftleg røysting. Røystinga skal gjerast på ein av desse måtane:

- a. Forholdstalsval skal nyttast ved val av nemnder når minst ein medlem krev det, elles som fleirtalsval. Val av leiar og nestleiar til folkevalde organ skal haldast som fleirtalsval.
- b. Stilleteiane godkjenning, når ingen seier mot eit framlegg som møteleiaren set fram med spørsmål om nokon seier i mot.
- c. At møteleiaren ber dei som er mot eit framlegg om å reisa seg eller rette opp handa. Når møteleiaren ønskjer det, eller ein av møtelyden krev det, skal dei som er for framlegget syne røysteteikn.
- d. Ved namneopprop når møteleiaren finn det tenleg, eller minst 1/5 av møtelyden krev det. Det skal avgjerast med loddtrekking kven som skal røysta først, og sidan skal lista over representantane følgjast. Det skal røystast med ja eller nei.

1.15 Møtebok

Det skal førast protokoll for møta. Møteprotokollen er fullelektronisk. Av møteprotokollen skal det gå fram dato for møtet, kva saker som vart handsama, kva framlegg som låg føre, kva avgjerder som vart tekne, kor mange og kven som røysta for og mot. Møteleiaren har ansvaret for føring av møteprotokollen. Kopi av fellesnemnda sin møteprotokoll skal sendast til medlemmene i fellesnemnda ved neste møteinnkalling.

1.16 Valnemnda

Valnemnda skal koma med framlegg til medlemmar i ulike komitear som vert oppretta i samband med å etablere ein ny kommune. Valnemnda skal, så langt det er relevant, følgja retningslinene til fellesnemnda.

Spesielt for valnemnda gjeld:

- Valnemnda er fellesnemnda si nemnd.
- Nemnda er samansett av tre medlemmar frå fellesnemnda – ein frå kvar kommune. Valnemnda konstituerer seg sjølve.
- Programleiinga deltek på møta etter førespurnad frå leiaren.
- Det skal førast møteprotokoll frå møta.
- Programkontoret stiller sekretær til disposisjon.
- Andre saker etter tilvising frå leiar av fellesnemnda.

1.17 Andre utval

Reglement for gjennomføring av fellesnemnd gjeld for partssamansett og eventuelt andre politiske utval så langt dei høver.

2 Partsamansatt utval

2.1 Heimel og samansetting

Partsamansett utval er oppretta med grunnlag i vedteken mandat for fellesnemnd, jf inndelingslova § 26, 2. ledd og kommunelova § 25.

Utvalet har tre representantar frå dei tilsette og fire arbeidsgjevarrepresentantar. Arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval er leiar av fellesnemnda, to valte representantar frå fellesnemnda og programansvarleg/rådmann. Tilsettrepresentantar vert valt av tillitsvalde i kommunane. Ein representant for vernetenesta i kommunane møter med talerett.

Blant arbeidsgjevarrepresentantane skal det veljast leiar og nestleiar.

2.2 Arbeidsområde

Partssamansett utval er det formelle møtepunktet mellom dei folkevalde og hovudtillitsvalde. Partssamansett utval handsamar saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, jf. kommunelov §25 om partssamansette utval - administrasjonsutval.

2.3 Innstilling/tilråding

Utvalet handsamar og legg fram framlegg om overordna retningslinjer for Alver kommune sin personalpolitikk. Utvalet har uttalerett i alle saker som fell inn under det saklege arbeidsområdet til utvalet, og som skal avgjerast av fellesnemnda.

3 Reglement – arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmar av fellesnemnda

3.1 Føremål

Reglementet har til føremål å sikra medlemmar av fellesnemnda kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekning av reelle utgifter i samband med utøving av dette vervet, jfr. Kommunelova §§41 og 42.

Krav om møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og køyregodtgjersle må minimum sendast kvartalsvis. Dette for å få krava med i rett rekneskapsår.

3.2 Møtegodtgjersle

Medlemmar av fellesnemnda har rett til godtgjersle for møta i nemnda med kr 1000,- pr. møte. Ordførarar og varaordførar som ikkje har krav på godtgjersle for verv i kommunale organ i eigen kommune har heller ikkje krav på godtgjersle i fellesnemnda.

3.3 Vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Medlemmar av fellesnemnda har rett til å få utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når arbeidsgjevar har føreteke trekk i lønn, eller for utlegg til vikar. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekkja tap i inntekt + sosiale utgifter av kompensert beløp, når tapet er dokumentert med oppgåva frå firma.

Dette kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevje brutto utgifter til løn frå kommunen.

Tap og utlegg må kunne dokumenterast, og må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstraintekt blir ikkje erstatta.

Retten til vederlag for tapt arbeidsforteneste gjeld og rimeleg kviletid for skiftarbeid / turnusarbeid.

3.4 Telefonutgifter

Det vert ikkje gitt dekning av telefonutgifter i samband med fellesnemnda.

3.5 Køyregodtgjersle

Køyregodtgjersle blir utbetalt etter statens regulativ.

3.6 Godtgjersle til leiar og nestleiar

Det vert ikkje gitt ein eigen godtgjersle for leiar og nestleiar av fellesnemnda.

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------|------|------------|
| 014/18 | Fellesnemnd | PS | 05.02.2018 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------------------|------------|
| Tove Mette Arnø Fyllingen | 17/3483 |

Melding/orientering til fellesnemnda 05.02.2018

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak Meldinga vert teke til orientering

.....

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Meldingar/orienteringar

Pågåande prosjekt – status

- Leiargruppe – Alver kommune
- IKT – digitalisering
- IKTNH – omorganisering og utviding
- Program og prosjektstyring – elektroniske verktøy
- Programkontor
- Styring av politiske prosjekt